



Kultur- og idrettsavdelinga

Arkivsak 201208986-1  
Arkivnr. 60  
Saksh. Tryti, Anna Elisa

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	13.11.2012
Fylkesutvalet	21.11.2012 - 22.11.2012

## **EIN KUNNSKAPSBASET KULTURPOLITIKK - FRÅSEGN**

---

### **SAMANDRAG**

Kulturdepartementet har sendt på høyring "En kunnskapsbasert kulturpolitikk", rapport frå Kulturdepartementet sitt eksterne forskings- og utviklingsutval, med høyringsfrist 15.11.2012. Utvalet har hatt som mandat å peike på forskingsområde som vert særleg viktige for Kulturdepartementet sitt ansvarsområde framover, kva kunnskapsbehov det er på felte og kva forskingspolitiske virkemiddel det bør satsast på for å sikre relevant forsking av høg kvalitet på Kulturdepartementet sine ansvarsområder.

Hordaland fylkeskommune meiner rapporten er eit godt initiativ, og at den gjev eit godt grunnlag for ei naudsynt auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid. Hordaland fylkeskommune vil gjerne påpeike at utviklingsarbeidet også bør vektleggast og at forskings- og utviklingsarbeidet bør sjåast i samanheng med relevant forskings- og utviklingsarbeid innan andre departement sine ansvarsområder, særleg Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Hordaland fylkeskommune vil særleg gjere merksam på det sterke mediefaglege miljøet i Bergen og medieklynga MediaCityBergen som er under etablering og vil meine at det foreslårte forskingssenteret innan media vert lokalisert til Universitetet i Bergen, gjerne i samarbeid med Norges Handelshøyskule, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Hordaland fylkeskommune meiner rapporten "En kunnskapsbasert kulturpolitikk" gjev eit godt grunnlag for ei naudsynt auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid innan Kulturdepartementet sine ansvarsområder og meiner at det bør utviklast ein opptrappingsplan for kulturpolitisk forsking.
2. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig med ei oppfølging av rapporten med ei tverrdepartemental tilnærming, slik at ansvarsområde og virkemiddel frå fleire departement vert

sett i samanheng. Hordaland fylkeskommune vil påpeike at utviklingsarbeid bør vektleggjast på linje med grunnforskning og anvendt forsking og at dei regionale forskingsfonda bør vurderast brukt i FoUarbeidet innan kulturfeltet

3. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om ei vidareføring av programmet «Visuelt senter for forsking på sivilsamfunn og frivillig sektor» også etter 2013.
4. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om oppretting av eit forskingssenter innan mediefeltet og meiner det bør lokaliserast til Universitetet i Bergen, gjerne i samarbeid med Norges Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
5. Hordaland fylkeskommune vil rå til at det vert gjennomført ei omfattande utgreiing før ein tek stilling til ei evt. etablering av eit eige forskingssenter for kultur. I utgreiinga bør også FoUarbeidet til Norsk kulturråd og kulturforskinga til Norges forskningsråd vurderast.



Paul M. Nilsen  
fylkesrådmann



Anna Elisa Tryti  
fylkeskultursjef

Vedlegg: Rapport mai 2012 – En kunnskapsbasert kulturpolitikk

## FYLKESRÅDMANNEN, 01.11.2012:

Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for å utforme og samordne den nasjonale politikken på departementet sine saksområder, kunst, kulturvern, frivillighet, tros- og livssynspolitikk, idrett og media. Kulturdepartementet oppnemnde i august 2011 eit eksternt forskings- og utviklingsutval, leia av professor Jan Grund. Utvalet skulle gje råd om korleis forsking og utvikling kan fungere som grunnlag for og som verkemiddel i politikkutforming og forvaltning på departementet sine områder. Utvalet vart beden om å peike på forskingsområder som blir særleg viktige for utviklinga av sektoren framover, kva som vil vere dei viktigaste kunnskapsbehova og kva forskingspolitiske verkemidlar det bør satsast på.

Utvalet leverte rapporten "En kunnskapsbasert kulturpolitikk" 16.05.2012, og rapporten vart sendt på høyring 15.08.2012 med høyringsfrist 15.11.2012, sjå [www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer)

### Hordaland fylkeskommune sine merknader til høyringsforlaget

Hordaland fylkeskommune meiner det er eit stort behov for auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid som grunnlag for ein kunnskapsbasert kulturpolitikk, nasjonalt, regionalt og lokalt. Ei slik satsing vil også vere viktig for eit sterkare internasjonalt perspektiv og samspel.

Fylkeskommunane har eit særleg samfunnsoppdrag som regional utviklingsaktør. I denne samanhengen er det viktig at Kulturdepartementet sine arbeidsområder vert sett i samanheng med ansvarsområde og virkemiddel frå fleire departement, særleg Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Hordaland fylkeskommune vil også meine at det er viktig å prioritere ikkje berre grunnforskning og anvendt forsking, men også utviklingsarbeid. I den samanhengen vil også dei regionale forskingsfonda vere aktuelle for forsking innan kulturfeltet.

Utvalet sin situasjonsanalyse og statusrapport for forsking og kunnskapsproduksjon innan dei ulike sektorane og politikkområda, framstår i hovudsak som oppdaterte og sakssvarande.

I tillegg til å videreføre eksisterande verksemder, foreslår Grund-utvalet utvikling av opptrappingsplanar, med etablering av tre nye forskingssentra, eit for kulturfeltet, eit for mediefeltet og eit for idrettsfeltet, dessutan ressursar til vidareføring av forskingssatsing på sivilsamfunn og frivillig sektor.

### Idrett, sivilsamfunn og frivillig sektor

Det er viktig å samle tilgjengeleg og relevant kunnskap slik at den lett kan takast i bruk av alle aktørar som arbeider for å fremje fagfeltet. Det å kunne følgje utviklinga over tid er helt sentralt. I 2003 vart det i samarbeid mellom Norges idrettsforbund og Olympiske Komité og departementet utarbeidd ein tilstandsrapport for norsk idrett. Eit breitt samarbeid om ein slik rapport ville gje ein god oversikt over kva vi har kunnskap om og kva vi treng å vite meir om. Oversyn over utviklingstrekk innan fagfeltet nasjonalt og internasjonalt vil bidra til at ein kan få meir kompetente bestillingar på FoU arbeid også på regionalt og lokalt nivå. Sett frå eit fylkeskommunalt perspektiv hadde det vore tenleg med ein slik rapport kvar fjerde år (valåret), slik at det kan nyttast som reiskap i evaluering/revidering/rullering av fylkesplanar innan fagfeltet.

Hordaland fylkeskommune støttar utvalet sine framlegg når det gjeld tema for auka forskingsinnsats (2.1.1). I tillegg vil vi påpeike behov for å belyse kva rolle fysisk aktivitet har i det lovpålagte folkehelsearbeidet og samanhengen mellom aktivitets- og anleggsutvikling. Når det gjeld forsking på barne- og ungdomsidrett og inkludering av barn med ulike føresetnader i høve fysisk aktivitet, vil Hordaland fylkeskommune gjere merksam på eit viktig kompetansemiljø for forsking og fagutvikling som vert utvikla i samband med bygginga av det nye Barne- og ungdomssenteret ved Haukeland universitetssykehus, meir spesifikt det såkalla Barnas energisenter med vektlegging på tydinga av fysisk aktivitet for utviklinga av barn og unge og som ledd i behandling med læring, meistring, behandling og trenings.

Når det gjeld ressursar og arbeidsdeling (4.3.1), er det viktig å tydeleggjere og synleggjøre fylkeskommunane og kommunane si rolle. Statleg støtte til anleggsføremål vert kanalisert via fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen fordeler kvart år spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet med heimel i lov om pengespel (Kulturdepartementet, 1993) og føresegner gitt ved kongelig resolusjon av 11. desember 1992. Meir detaljerte føresegner er gjevne i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet" (V-0732). Fylkeskommunane må ha politisk vedtekne planar for idrett og fysisk aktivitet, med anleggspolitikk og handlingsprogram for fylket. Gjennom politiske vedtak vert tilgjengelege spelemidlar fordelt årleg på basis av godkjente søknadar frå kommunane. Anlegga må vere forankra i ein gjeldande kommuneplan/delplan innan idrett og fysisk aktivitet.

Når det gjeld sivilsamfunn og frivilleg sektor, er aktuelle tema for vidare forsking som utvalet foreslår, relevante, også i eit folkehelseperspektiv. Det bør også fokuserast på eigenverdien det har å delta i frivillig arbeid. Elles peiker vi her på det sterke forskingsmiljøet knytta til UNIRokkanseneteret i Bergen og sluttar oss til utvalets forslag om at programmet "Virtuelt senter for forsking på sivilsamfunn og frivillig sektor" vert vidareført etter 2013.

## Medier

Med digitaliseringa er mediefeltet inne i ei kraftig omstilling, med konsekvensar for alt frå lovgiving, eigarskapsstruktur til journalistrolla og medieutdanninga. Utvikling av ytringsfridom og demokrati er tett knytta til utviklinga innan media. Endringane digitaliseringa fører til, med ein journalistikk på digitale plattformer med dertil følgjande strukturendringar i media, er viktige forskingsområder. Likeeins mediekonserna sine strategiar og utviklinga innan konserndannningar og eigartilhøve.

Det er i dag ikkje eige program i Norges forskingsråd direkte retta mot mediefeltet, Kulturdepartementet har heller ikkje øyremerka midlar til dette. Behovet for forsking og utgreiing som grunnlag for politikkutforming på mediefeltet er sterkt aukande. Hordaland fylkeskommune meiner auka forskingsmidlar på dette feltet er naudsynt for å skaffe oppdaterte kunnskapar og forståing om viktige samfunnsendringar.

Grund-utvalet foreslår etablering av eit forskingssenter for mediefeltet, fortrinnsvis knytta til eit eller fleire av dei eksisterande universitetsmiljøa, med avsetting av midlar (minimum 4 millionar årleg) over minimum fem år.

Hordaland fylkeskommune meiner ambisjonane for eit nytt senter for medieforskning bør vere høge og definert meir i samsvar med ambisjonane for det foreslalte forskingssenteret for kultur (5.2.5), likeeins at senteret for medieforskning bør lokaliserast til Institutt for informasjons- og medievitenskap ved Universitetet i Bergen, gjerne i samarbeid med Norges Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

Eit senter for medieforskning i Bergen vil kunne utvikle seg i tilknyting til medieklyngen MediaCityBergen, som er under etablering, som eit samarbeid mellom NRK, TV2, Bergens Tidende, Bergensavisen og Universitetet i Bergen. Universitetet i Bergen tilbyr ei medieutdanning som både innbry til refleksjon ved å stimulere den fagleg-kritiske vurderingsevna og praktisk produksjon mot ulike plattformar. Universitetet, Norges Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen vil kunne bidra med ulike dugleikar ved etableringa av eit slikt senter. Eit av særprega ved mediemiljøet i Bergen er evna til innovasjon. Denne vil kunne styrkast ytterlegare ved ei tett tilknyting til dei øvrige kulturnæringane og kunst- og kulturinstitusjonane i byen og regionen, frå teater, musikk og samtidskunst til design og film, m.m. Hordaland fylkeskommune tek mål av seg til å vere foregangsfylke innan digital kunst- og kulturformidling, i samarbeid med Norsk kulturråd og dei to nabofylka i nord, m.a. ved utvikling av applikasjonar for mobiltelefonar. Det ligg med andre ord til rette for å etablere eit forskingssenter i eit reflekterande og innovativt miljø med kopling av teoretiske og praktiske tilnærmingar. Bergensmiljøet vil vere eit interessant laboratorium for forsking- og utvikling innan mediefeltet.

## **Kulturvern/kultur**

Kultur vert nytta både som overordna og underordna omgrep i rapporten og kulturomgrepet vert i rapporten forstått beskrivande som ”alle de områda Kulturdepartementet har ansvar for” (s. 6). I siste delen av rapporten er det eit stort og sprikande saksområde som vert handsama under kultur, frå litteratur, språk, arkiv, bibliotek, museum, kulturbygg, musikk, scenekunst, biletkunst, arkitektur og design. Samanlikna med områda idrett, medier og frivillighet, er det ifølge rapporten dette store området som kjem därlegast ut med omsyn til både finansieringsformer, bestillarkompetanse og forskingsmiljø av ein viss størrelse, kvalitet og mangfold. Rapporten foreslår her eit djervt grep: Etablering av eit nytt forskingssenter for kultursektorforskning med ei minimumsramme på 15 mill kroner til etablering og drift av senteret. Rapporten knytter senterets verksemde opp mot kategorien Kulturformål i statsbudsjettet, ”billedkunst, kunsthandverk, arkitektur, design, kunstnerformål, musikk-scenekunstformål, språk, litteratur og bibliotekformål, museums og andre kulturvernformål, arkivformål, kulturbygg og allmenne kulturformål” (s 38).

Hordaland fylkeskommune vil tilrå ei omfattande utgreiing før ein tek stilling til om eit slikt senter skal etablerast. Dette avdi feltet er så stort og sprikande at ein bør vurdere om ein heller er tent med eit større forskingsprogram som gjer det mogleg for meir fagspesifikke forskingsmiljø å samordne seg og styrke seg. Dette vil kunne stimulere grunnforskning og anvendt forsking innan spesifikke tema som kunst, kunstformidling, arkitektur, design, språk og litteratur, musikk, bibliotek og museum. FoUarbeidet til Norsk kulturråd og kulturforskinga til Norges forskingsråd bør vurderast i ein slik heilskapleg gjennomgang.